# Styremøte Vikedal Bygdahus




## Møtereferat

27.01.2025

Møtte: Ina Helmers, Johannes Holten Leifsen, Asle Øverland, Erlend Nesheim, Nils Erik Eide
Møtte ikkje: Tone Helen H. Halleraker, Håkon Bakkedal

| *Sak* | *Agenda* | *Referat* | *Ansvar* |
|---|---|---|---|
| 68/24 | Gjennomgang av handlingsplan for restansar/oppdatering | Gjennomgang og status på pågåande arbeid frå styremedlemmene, handlingsplanen blei oppdatert i møtet. | Styret |
| 69/24 | Gjennomgang av avtalar | Gjennomgang av avtalen med VIL, det må lagast ny avtale for 2025-28.<br>3. **LEIEFORHOLDETS VARIGHET**<br>Leieavtalen gjelder fra 01.07.2017 til 01.07.2020 og innenfor de tidsrom/treningstider som er avtalt nedenfor i dette punkt. Leieavtalen kan fornyes utover leieperioden. Det vert då laget ny avtale.<br><br>Treningstider:<br>Leietaker nytter hallen og kunstgrasbane til organisert aktivitet mandag til torsdag frå kl 17:00 – 22:00. I tillegg kan leietaker nytte hallen og banen kostnadsfritt utanom desse tidene så sant desse er ledige. De "bestiller" da hallen på lik linje med andre leietakere. Hvis noen andre ønsker å bruke kunstgrasbanen, uavhengig av tidspunkt (24/7) så er det leietaker v/fotballgruppa som skal kontaktes for avtale.<br>Styret tek kontakt med VIL og minner om at dei skal bestille tid i helgene på lik linje med andre. Dette er truleg noko som har glidd ut dei seinaste åra.<br>Styret v/Nils Erik oppdaterer avtalen og sender til VIL for signering. | NEE |
| 70/24 | Fasade idrettshall | Gjennomgang av plan utover våren. Det er avtalt at proff fargeekspert skal kome og fremje forslag om kva fargar me bør velje. Ho heiter Linda Kristiansen og ho kjem for å sjå på huset og omgjevnadane 13.02. Saman med Inga Elise H. Eide møter Asle frå styret og tek denne synfaringa.<br><br>Styret tek kontakt med malar for å få siste frist for når me må vera ferdig med vasking av hallen.<br><br>Styret sjekkar om prisar for å leige store høgtrykkspylarar/varmtvatnvaskar. I tillegg sjekke om leige av lift.<br><br>Styret må ta kontakt med Vigleik frå fasadegruppa som må setje i gong bestillinga av maling?<br><br>Styret avgjer kva fargar som skal veljast på styremøte måndag 17. februar.<br><br>Målet er framleis at hallen skal vera ferdig malt til 17. mai. | AØ<br><br>JHL<br><br>AØ/JHL/EN<br><br>JHL<br><br>Styret |

| *Sak* | *Agenda* | *Referat* | *Ansvar* |
|---|---|---|---|
| 71/24 | Uteområde, vidare arbeid og plan | Belysning utanfor sør. Bruke uttak til lyskastarane, kanskje setje inn ledlys her? Høyre med Tor Ole om dette er noko som kan gjerast og om eventuelt han har prisar på lampar inkl utført jobb med dette.<br><br>Grusing mm utanfor på sørsida etter dugnaden. Johs snakkar med Håkon om fullføring av dette.<br><br>Når inngangsparti er komplett så kjører styret kampanje for å få brukarar av hallen til å bruke sørsida som inngang. | JHL<br><br>JHL<br><br>Styret |
| 72/24 | Oppfølging nytt låsesystem | Styret har fått tilbod på fire låsar som blir styrt frå app: **70.771 NOK** ferdig montert. Tilbod står i første omgang til 29.12 me får ta ein ny diskusjon på det på neste møte. Då er det 4 inngangar med elektronisk lås pluss blending av dørlåser utvendig.<br><br>**Vedtak**: Avventar – ting har betra seg etter «hjertesukk-skriv» frå styret. Styret vel å prioritera andre saker først. | |
| 73/24 | Møterom/sekretariat i hallen | Diskusjon om mogleg sekreteriat/møterom/opphaldsrom i eitt av utstyrsromma ved inngangen aust i hallen.<br><br>Vedtak: slik situasjonen er no må styret prioritere å få ferdig påbegynte prosjekt. Dette kan takast opp ved seinare høve. | |
| 74/24 | Lager bak scene | Lageret bak scenen, bør ha ei omfattande rydding der me byggjer opp system etter tema, jul, 17.mai mm.<br>For å få dette til så må dette vera ein del av ein fellesdugnad.<br>Kanskje utfordre 17. maikomiteen og korpset til å sjå på sine ting.<br>Det er viktig å rydde godt her.<br>Konklusjon: styret ser dette opp på lista over dugnadsoppgåver. | Styret |
| 75/24 | Lyd/lys | VUL har kjøpt inn mykje utstyr til huset, det er ønskje om at det blir hengt opp fire høgtalarar i salen pluss miksepult som gjer det enklare å få lyd på arrangement. Oppgradering av lys er også ønskje. Dette må gjerast som spleiselag. Johannes og Nils Erik informerte meir om dette i møtet.<br><br>Konklusjon: Styret førebur sak til årsmøtet. Styret må få eit estimat på dette. Nils Erik kontaktar Andreas C Våge og høyrer om han kan gi uforpliktande pris på 4 høgtalarar og sub, miks mm. | Styret<br>NEE |
| 75/24 | Årsmøte 2024 | ○ Dato 06.03.25 kl. 19.30<br>○ Valkomite er aktivert.<br>○ Innkalling, førebels er sendt ut til andelseigarane og den ligg på heimesida/Facebook.<br>○ Rekneskap 2024 – Geir Kenneth sender etter mva oppgjer 10. februar.<br>○ Revisorar – Geir Kenneth sender rekneskapet til dei når han er klar med det.<br>○ Budsjett 2025 – Asle lagar forslag basert på årets rekneskap<br>○ Årsmelding, Nils Erik har laga utkast, styret les gjennom og gir tilbakemelding etter gjennomlesing.<br>○ Frist for å sende inn saker er 17. februar.<br>○ Anna – praktisk med mat og drikke. Litt kjeks og kaffe. Styret lagar til i god tid før møtet byrjar. | AØ<br><br>NEE<br><br>Styret |

| *Sak* | *Agenda* | *Referat* | *Ansvar* |
|---|---|---|---|
| 76/24 | Eventuelt | - Sommarfestivalen, plan fram mot sommaren<br>o Dato er 12. juli.<br>o Det bør opprettast ein komité?<br>o Pubnemnda må informerast<br>o Same konsept som i fjor, kanskje berre ein headliner og ein trubadur/duo/trio/band som spelar på AfterSea og i pausane i teltet.<br>- «Vikedalsrommet», ide om aktivitetsrom» for barn og unge i Vikedal. Samarbeid med Røde Kors. Ina oppretter gruppe i Messenger så tek me det vidare der.<br>- Benker Fokus Sandeid, dei saknar to benker og vil ha dei tilbake. Håkon sjekkar og køyrer dei tilbake på lager på Sandeid Handelslag<br>- Flaggstang, må tres på ny snora. Reidar treng hjelp til dette. Må det lift til? Styret sjekkar opp dette.<br>- Klatreveggruppa lurar på om dei kan arrangere påskepub´en til inntekt for klatrevegg? Styret konkluderer at det ikkje er mogleg då denne er viktig inntekt for huset. | <br><br>IH<br>IH<br><br><br><br>IH/NEE<br><br><br>HB<br><br><br>AØ |

Neste møte 17.02.25 kl. 19.30

03.02.25

Nils Erik Eide